

# DET·NORSKE·TEATRET

# DET NORSKE TEATRET

*i samarbeid med*

## RIKSTEATRET

# *«Den fjerde nattevakt»*

*Skodespel i 6 bilete etter romanen*

av

*Johan Falkberget*

*Dramatisert av Carl Fredrik Engelstad*

Turnéleiar: *Trygve Nørve*

Cl5g 011884

# Det Norske Teatret og landet

Gjennom ei verksemd som har vara i snart femti år, og som byrja i tronge kår og fiendsleg atmosfære, har Det Norske Teatret slegi seg fram til ein sterk posisjon i Oslo. Det har lykkast for di teatret har sogi kraft frå heile landet; det har lange, gode røter ned i folkelivet rundt i norske bygder og byar. Evnerik ungdom har komi til hovudstaden og gjevi teatret all si kraft, all sin entusiasme og seige innsatsvilje, endå det materielle vederlaget ofte var meir enn magert. Andre kom frå sjølve hovudstaden og har vori like trufaste og verdfulle for teatret; ein skulle tru at det både språkleg og menneskeleg måtte bli eit uhomogent virvar. Men alle harde kantar har vorti slipte mot kvarandre, og ensemblet har fått ry for uvanleg fint samspel; ulikskap i lynde og bakgrunn har berre gjort det til eit rikt instrument som kan spela over eit stort register.

I hovudstaden er Det Norske Teatret eit uttrykk for heile landet. Og når det reiser på turné, er det både ei kjærkomen moralsk plikt og ei slags heimferd. For alle stader er teatret på heimetrakter, med Lars Tvinde på Voss, med Tordis Maurstad og Edvard Drabløs på kvar sitt Møre, med andre i Trøndelag, Nord-Noreg, i austlands- og sørlandsbygder og -byar. Den kontakt som er der på *den* måten, og som vart styrkt dei fyrste tiåra teatret eksisterte, med lange og mange spelferder, vil vi no om mogeleg byggje endå meir ut, i nært samarbeid med Riksteatret.

Det Norske Teatret reiste i heile haust med «Den fjerde nattevakt», tråla Sør-Noreg frå Steinkjer (Namdalen) i nord til Mandal i sør. Når teatret no dreg ut på nytt med denne store framsyninga, startar turnéen på gamle, ærerike Den Nationale Scene i Bergen, og så går ferda nordetter. I gamle dagar var Det Norske Teatret ofte nordpå, men no er det lenge sidan vi sist gjesta Nord-Noreg, altfor lenge. Vi gler oss til møtet med det levande og vakne nord-norske publikum, og vi vil gjerne få koma att, *snart*.

Velkomen til ein kveld saman med Det Norske Teatret!

# ÅRETS STORE BIL-SUKSESS!

**Austin** A 55 CAMBRIDGE



*Den beste personbil i sin klasse:* 51 hk, ca. 0,8 l bensin pr. mil, ekte skinn i setene, stoppet med skumgummi. Strålende kjøreegenskaper. 5 seter.

*Pris: kr. 16 700,—.*

**Austin** A 55 — 500 kg varebil



*Den beste varebil i sin klasse:* 51 hk motor, kjøreegenskaper som en personbil med krengningsstabilisator, billig i drift, 3,12 $m^3$ varerom.

Henvend Dem til Deres distrikts-forhandler eller direkte til:

**ERIK B. WINTER**

Stortingsgt. 20, Oslo. Telefon 41 59 10.

Importør i 31 år.

# *Ein storturné*

Eit verdfullt innslag i verksemda til Riksteatret er samarbeidsturnéane frå dei statsstødde teatra. Lov og stortingsvedtak krev som vederlag frå desse scenane at dei kvart år dreg på turné. Åra har vist at folk synest det er gildt å få sjå framsyningar som elles berre går i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger, i tillegg til Riksteatret sine eigne framsyningar.

Med Det Norske Teatret har samarbeidet i fleire år no strekt seg langt ut over dei tretti framsyningane om året som teatret har plikt på seg til. I denne spelbolken når teatret ut over landet med om lag 150 framsyningar av den store Oslo-suksessen sin, Johan Falkbergets «Den fjerde nattevakt» — 95 av desse framsyningane siste haust og om lag 50 no i vår.

Det er i god pakt med dei beste tradisjonane til Det Norske Teatret dette. I mange år, lenge før Riksteatret tok til, hadde Det Norske Teatret ei landsfemnande verksemd. Det gav rotfeste for alle tider, både i bygd og by, både i sør og nord.

Dermed veit vi at teatret er velkomi der det no spelar. Med det ynskjer vi lykke til på reisa og publikum glede av attersynet med Det Norske Teatret.

*Helsing Riksteatret.*

LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING

GJENSIDIGE

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

**Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30**

# Våken ungdom

**planlegger sin utdanning i tide**

Les artikkelen i denne brosjyren om de mange og gode utdanningsmuligheter Forsvaret byr deg.

Vi henleder særlig oppmerksomheten på de militære forskolene (realskoler), Sjømilitære Korps, de tekniske skolene i Flyvåpnet og Hærens yrkesskoler.

Ved disse og de andre skolene i Forsvaret har elevene alt fritt og dessuten en viss lønn i skoletiden.

Vil du ha flere opplysninger, så skriv til oss. Vi sender deg gratis og uten forpliktelser utførlige opplysninger om den eller de skolene du er særlig interessert i.



Skriv i dag til

**GKK, Skolerekrutteringskontoret,**

*Postboks 959, Festningen - Oslo*

# Johan Falkberget

Johan Falkberget kom til verda på fjellgarden Falkberget ved Rugelsjøen i 1879. Det var mor hans, Gunhild Jonsdatter Jamt av svensk ætt, som tok garden i arv. Faren, Mikkel Pedersen Litlbakken, kom frå Østerdalen og vart erts-sjeider i ei av nordgruvene på Røros, der han lærde Gunhild å kjenne. Han var ein opplyst og interessert mann både i politikk og i litteratur, og han pla ofte lesa høgt om kveldane av bøker som Hugos «De elendige» og Zolas «Faldgruben». Såleis fekk Johan si fyrste innføring i dikt-heimen, samstundes som han frå 8-årsalderen etter gamal skikk byrja som «vaskarryss» i gruvene. Her heldt han fram som sjeider, malmkøyrar og minerar til han var vel 20 år.

Kring hundreårsskiftet gav han ut fyrste boka si, «Når livskvelden kjem. Forteljing». Diverre kom ikkje Falkberget til å skrive fleire bøker på nynorsk. Men det at han så tidleg freista finne uttrykk i folkemålet for det han hadde på hjarta, har venteleg hatt mykje å seia for målføringa hans sidan, ikkje minst når det galdt å nytte heimemålet i samtalar mellom menneske i romanane. Det er få norske diktarar som har gjevi att talemålet på heimstaden sin så formsikkert og intimt som Falkberget.

«Den fjerde nattevakt» kom ut i 1923, og kritikken har med rette slegi fast at denne romanen er eit vendepunkt i diktarutviklinga hans. Det er her Falkberget for fyrste gang set evnene og kreftene inn for å teikne ei rekkje menneske frå Bergstaden i historisk perspektiv, og i så måte førebodar denne forteljinga dei store historiske romanene som byrja med «Christianus Sextus» (1927).



*Framhald side 15*


KV
Se
hva De kan gjøre med
Wolf Cub
HOBBYSETT
SMÅ JOBBER
SLØYD
MODELL BYGG
GAVER
Dette er ikke alt De kan gjøre med Wolf Cub. Nærmeste forhandler vil med glede vise Dem alle mulighetene.
Det komplette
Wolf Cub
HOBBYSETT
Elektrisk sirkelsagsett
Elektrisk tre-dreiebenksett
Bore-, slipe- og polérsett
~og alt drevet av
Wolf Cub Elektrisk drill

## *Carl Fredrik Engelstad*



som har dramatisert «Den fjerde nattevakt», seier i eit intervju til «Verdens Gang»:

Det stod klårt for meg med ein gong at det eg måtte, var å skrive eit sjølvstendig skodespel som levde sitt eige liv — såleis at eg ikkje berre laga eit slag biletbok av romanen og flytte den opp på scenen. Men skulle eg få til det, måtte eg stå fritt til stoffet, skuve ut alt som ikkje gjekk inn i den strenge skodespelkomposisjonen, og dikte attåt der skodespelet krev utdjuping av situasjonar og personar. Eg har samla hovudinteressa ikring presten, Gunhild og klokkaren, Ol' Kanelesa. Tråden i hendinga er kjærleikssoga mellom presten og Gunhild — og eg har trengt handlinga saman til ei etter måten avgrensa tid — romanen strekkjer seg over noko slikt som 20 år. Difor måtte slutten bli ein heilt annan enn i romanen. Eg vonar berre at folk ikkje er så bundne av sjølve romanen at ei ommøblering av stoffet verkar som eit ulovleg inngrep. Det er berre det at skodespel og roman er to så ulike kunstslag og fylgjer sine eigne lover. Mang ei dramatisering av ein roman har stranda av di ein har kjent seg for slavisk bunden til stoffmengda og den breie forma i romanen. Skodespelet krev ein konsentrasjon som kan verke nær på omsynslaus.

Språkforma?

Presten og kona hans og dei andre kondisjonerte «snakker riksmål — en mer moderne utgave av det enn det danske de snakker i romanen». Dei andre talar — tja kva talar dei? Vi får kalle det eit nynorsk som ber sterkt merke av Rørosmålet, men ein fullgod idiomatisk Rørosdialekt har det av gode grunnar ikkje vori mogeleg å gjennomføre.

# Den fjerde

*Skodespel i 6 bilete etter roman*
*Dramatisert av C a r l*
*Regi: K n u t*
*Dekor og kostyme:*
*Musikken:*

*D e i s o m e r m e d :*

Ol' Kanelesa ..........
Gunhild ..........
Sigismund ..........
Jo Haraldsa ..........
Tøllef ..........
Embert ..........
Torber ..........
Kathrine ..........
Anne Sophie ..........
Dopp ..........
Aas ..........
v. Bang ..........
David Finne ..........
Ringjaren ..........

Turnéleiar:

Kostyma er laga på systova til D

Pause ett

1. bilete: I smia hos Ol' Kanelesa
2. » Stova hos soknepresten
3. » Hos direktøren


**Hovedrollen**
**blant ildfaste skap** . . . .
**Pris fra kr. 415,00**

## nattevakt

*av Johan Falkberget*
*edrik Engelstad*
*homassen*
*rne Walentin*
*nn Ludt*

| | |
|---|---|
| ..................... | *Alf Sommer* |
| ..................... | *Astrid Folstad* |
| ..................... | *Arne Lie* |
| ..................... | *Kåre Wicklund* |
| ..................... | *Ragnar Olason* |
| ..................... | *Carl Habel* |
| ..................... | *Trygve Nørve* |
| ..................... | *Irene Thomsen* |
| ..................... | *Else Frogner* |
| ..................... | *Kåre Wicklund* |
| ..................... | *Trygve Nørve* |
| ..................... | *Carl Habel* |
| .. Alternering av: | *Alf Malland — Alf Ramsøy* |
| ..................... | *Ragnar Olason* |

*ygve Nørve*
Norske Teatret av *Ingrid Prestø*
3. bilete
bilete: Hos Gunhild Finne
» I kyrkjetårnet
» På kyrkjegarden


. . . . . . . . . . .

JÖLI
JØRGEN S. LIEN
OSLO — BERGEN — TRONDHEIM

# Postlegitimasjon

*Postverket ferdar ut gratis identitetskort*

Nå kan alle norske borgarar få identitetskort gratis på posthusa. Spar Dykk for tidstap og vanskar. Gjer Dykk sjølv den tenesta å få eit identitetskort når De likevel er på posthuset. Ver venleg å ta med Dykk eit passfoto eller eit godt amatørfoto, 3,5 cm x 3,5 cm, og papir som viser at De er den De gjev Dykk ut for å vera. Fylgjande papir er gyldige i denne samanhengen: Dåpsattest (fødselsattest), bustadattest, konfirmasjonsattest, vigselsattest, førarkort for motorvogn, politipass.

*Fotografi 3,5 cm x 3,5 cm + Legitimasjonspapir*
*= Gratis identitetskort*





**Elektrisk vaffeljern**

kr. 100,00 uten kabel.

**Elektriske støveltørkere**

For barn kr. 21,00.
For voksne kr. 23,50.



**Føres i alle elektriske forretninger.**



Knut Thomassen



Arne Walentin



Arne Lie



Astrid Folstad



Irene Thomsen



Alf Sommer



Alf Ramsøy



Kåre Wicklund

MORPHY-RICHARDS
DAMPSTRYKEJERN

Kr. 92.—
Fåes i alle elektriske forretninger.
ET JERN DE KAN STOLE PÅ

*URD fylte 60 år ved årsskiftet 1956/57. Fra artikler i over 40 aviser gjengis:*

«URD er i høy grad en levedyktig 60-åring. Bladet har under den nye ledelse gjennomgått en foryngelseskur som har tilført det nye verdier, samtidig som en har vært klok nok til å beholde det beste i den gamle.»
*Rogalands Avis.*

«URD er et eksempel på at kvalitet kan forenes med et langt liv for et ukeblad.»
*Vestfold Fremtid.*

« . . . leseverdig innhold på et høyt nivå.»
*Romerikes Blad.*

«Teknisk og kulturelt på høyde med tidens krav.»
*Østlands-posten.*



**Norsk Allkunnebok**

Noregs mest allsidige leksikon, bør De eiga. 10 store band. Spør etter det i næraste bokhandel, eller skriv beinveges til

**FONNA FORLAG - OSLO**

*Framhald frå side 7*

Den historiske bakgrunnen for «Den fjerde nattevakt» er krigen frå 1807 og utover. Midt i hardaste svelteåra kjem den norskfødde presten Sigismund og den brystsjuke kona hans til Bergstaden, han med det sjølvbyrge kallet i seg å tukte syndarane til å fylgje Guds vegar. Det går alt saman annleis enn den nidkjære presten drøymer om då han kjem til gruvebyen på fjellet ein kaldsno-bitande vinterdag. Han blir snøgt eit offer for den heidne gudinna Afrodite, og ho som valdar udygda, er den unge friske fjellgjenta Gunhild, gift mot sin vilje med bergmannen David Finne. Stedd mellom to eldar — eller rettare: i den gamle klassiske konflikten mellom «plikt og lyst» — blir Sigismund slengd ut på 70 000 famnar djup, og blir tvinga til audmjuking og

*Framhald side 17*

**Tegn Deres livsforsikring i**

**GLITNE**

**DET** ***er virkelig livskunst***

## *Johan Falkberget*

# ROMANER og FORTELLINGER

I. Runer på fjellveggen. II. Eli Sjursdotter — Lisbet på Jarnfjeld — Bjørneskyttern. III. Brennoffer — Sol. IV. Den fjerde nattevakt. V. Christianus Sextus: De første geseller — Bergløitnanten. IV. Christianus Sextus: Over kjølen — I hammerens tegn. VII. Christianus Sextus: Arbeidets riddere — Tårnvekteren. VIII. Nattens brød: An-Magritt. IX. Nattens brød: Plogjernet. X. Fortellinger. XI. Nattens brød: Johannes.

*Dette er en virkelig dikter, som kan varme ens sinn, befrukte ens fantasi, fylle noe nytt inn i ens tankeliv, og skjenke en verdier som varer.*

*Professor dr. Francis Bull.*

*11 bind med rød skinnrygg, sorte titelfelter og titler i gult.*

*Format: 13 x 19 cm. Pris kr. 173,—.*

I separatutgaver: Christianus Sextus I—III, innb. skinnrygg. Pris kr. 54,—. Nattens brød I—III, innb., pris kr. 79,70, innb. i skinn kr. 104,90.

**A S C H E H O U G**

*Pengelotteriet - Statens Premieobligasjonslån -*
*Utlodninger fra alle kanter av landet.*

*Fullstendige trekningsresultater finner De i*

Norske TREKNINGSLISTER Kr. 10.— pr. år.
(NORSK LOTTERITIDENDE)

*Framhald frå side 15*

sjølvutsletting av sin strenge Gud. Vi får ei sjeleskildring så intens og skakande at det finst ikkje mange sidestykke i norsk bokheim i det heile.

Som rimeleg er, har denne sermerkte karakterstudien fått sume til å freiste seg på dramatisering for teatret og filmen. Det har hatt sine vanskar, serleg av di romanen har mange menneske og ulike handlingståttar, som strekkjer seg over så vidt lang tid. Det er difor ei sers djerv og krevjande oppgåve Carl Fredrik Engelstad har gått laus på — ei oppgåve som Det Norske Teatret er takksam for at han ville ta på seg.

*O. D.*

**Alle gode ting er 3!**

1. NYLON VASK Vaskekrem på tuber. Utrolig god til all slags vask.
2. NYLON PASTELL HJEMMEFARGER gir Deres falmede nylon undertøy, bluser, kjoler m. v. sin opprinnelige farge tilbake. Velg i lekre pastellfarger.
3. ALKO permanent stivelse. Stivelse som ikke går i vasken!

**ALKEMIKOS - OSLO** **Gode ting alle 3!**

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

# ANDVAKE

MØLLERGT. 16 - OSLO



*Trygve Nørve*



*Else Frogner*



*Carl Habel*



*Ragnar Olason*

## MASKINLÆRE FOR LANDBRUKET

***Lærebok ved jordbruksskolene. — Oppslagsbok for bønder og småbrukere.***

**325 sider. 416 ill. Pris innb. kr. 20.00**

**Fåes hos alle bokhandlere eller direkte mot oppkrav fra:**

**Norsk Landbruksteknisk Forening**

**Grefsenveien 28, Oslo**

## *Ingen heim utan hage.*

Målet for Det Norske Hageselskap er hage ved alle heimar som har jord til det og ingen heim utan grønsaker, bær, frukt og blomar på kvardagsbordet. Bli medlem i selskapet! Det kostar kr. 12,00 for året i medlemspengar. Alle medlemer får tilsendt tidsskriftet «Norsk Hagetidend» og småskriftet «Minneliste for hagedyrkere».

**DET NORSKE HAGESELSKAP**

**N. SLOTTSGT. 4 — OSLO**

**Postgirokonto nr. 11070 — Oslo**



**VERDENS STØRSTE *Salg***

SPESIAL GUMMIERT




**RIZLA**

**SIGARETT PAPIR**

**200 ÅRS ERFARING GARANTERER KVALITETEN**

ENESALG FOR NORGE: GUNNAR STENBERG - OSLO

# Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

**BRANN - AVBROT - ANSVAR**
**KREDITT - INNBROT - GLAS**
**VASSLEIDNINGSSKADE M. V.**

***Trygdetakarane sit eige trygdelag***


Johansen & Nielsen, Oslo